



# Søknad om kommunal lånegaranti for rehabilitering av Kunstgrasbane Osterøy Stadion

**Osterøy Idrettslag søker med dette om kommunal lånegaranti for ei låneramme på kr 6 000 000.**

Fotballgruppa i Osterøy IL har fått fullmakt frå hovudstyret i idrettslaget til ei låneramme på kr 6 000 000. Lånet vil ha ei nedbetalingstid på 20 år, frå juli 2023. Den totale garantien vil verte redusert etterkvart som me mottok mva-kompensasjon, spelemidlar og anna støtte.

- Mva-kompensasjonen utgjer om lag kr 1 379 920.
- Spelemidlar utgjer kr 1 900 000.
- Anna støtte frå fond og organisasjonar er uviss.

Rehabiliteringa gjeld idrettsanlegget i Fugledalen (4630-13/162). Det vert bytte av banedekke til eit kunstgras med miljøvennleg innfyll (kork og kokos) og bytte av lysanlegg til LED-lys.

## Finansiering:

Dekket skal finansierast gjennom lån og eigenkapital. Fotballgruppa har god likviditet, med ca. kr 1 500 000 i ubunden eigenkapital. I tillegg vil me aktivt søkje om støtte hjå fond og organisasjonar. Det er òg budsjettert med kr 300 000 ekstra i årlege dugnadsinntekter, for å svare for lånet. Me reknar med at det vert fleire års ventetid på utbetaling av dei spelemidlane me er rettkomen, noko idrettslaget tek omsyn til. Det kan vere verdt å nemne at idrettsanlegget i Fugledalen vert behandla som ein eigen avdeling i rekneskapen til idrettslaget.

## Bakgrunn for rehabilitering:

Kunstgrasdekket i Fugledalen vart lagt i 2008, og tatt i bruk i 2009. Sidan den gong har det vore høgt aktivitetsnivå og stor slitasje på bana, både frå klubben og dei kommunale skulane i nærområdet. Vanleg levetid på ei kunstgrasbane er på 8-13 år, medan vår no er 14 år gamal. Dette gjer til at fotballgruppa ynskjer å leggja nytt dekke i Fugledalen.

Lysanlegget i Fugledalen må òg oppgraderast. Ein ynskjer å skifte ut dagens halogen-pærer med LED-pærer. Dette vil gjere anlegget mykje meir energieffektivt, og kutte straumkostnadane monaleg.

Vatningsanlegg:

På sommaren gjer det varme vêret til at bana i Fugledalen vert tørr, får dårlegare speleigenskapar og auka slitasje. Det er difor eit ynskje frå fotballgruppa om at vatningsanlegg vert installert. Det vil vere fordelaktig å gjere dette samtidig som ein rehabiliterer dekke, slik at ein i minst mogleg grad stoggar aktiviteten på anlegget.

Idrettslaget søkjer ikkje om kommunal lånegaranti for vatningsanlegg i denne omgang, då dette ikkje er ein del av den innsendte spelemiddelsøknaden. Det er likevel eit mål at vatningsanlegget vert ein del av rehabiliteringa, og at denne delen av spelemiddelsøknaden vert sendt inn ved neste års søknad.

Herman Neu Beckstrøm  
Styreleiar, Osterøy IL Fotball